



Magne Vikane Bjelland
Bjellandsvegen 37

5450 Sunde I Sunnhordland

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Jorunn Røssland Eide	916 67 070	2022/3618		24.06.2022

IGANGSETJINGSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

Tiltak:	Heva deler tak, samt skifte av deler tak; driftsbygning i landbruket areal under 1000 m2) Bygningsnr.174377111
Gnr/bnr:	152/2
Byggestad/adresse:	Bjellandsvegen 31, 5450 Sunde I Sunnhordland
Tiltakshavar:	Magne Vikane Bjelland og Kari Eik Bjelland, Bjelland, 5450 SUNDE I SUNNHORDLAND
Ansvarleg søkjar:	KARI EIK BJELLAND, Bjellandsvegen 37, 5450 SUNDE I SUNNHORDLAND
Matrikkel:	BRA, BTA og BYA som før

Delegert vedtaksnr.: 2022/333

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 16.05.2022 og tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

Vilkår:

1. Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.
2. Takplater (eternitt) må leverast til godkjent deponi. Vi gjer merksam på at takplatene kan innehalda asbest som er helsefarleg avfall. Avfallsplan må sendast inn før eller ved søknad om ferdigattest.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyyvet, må det søkjast om endring av løyyve.

Dette løyyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyyvet vert motteke.

Grunnlag for løyyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuerar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Det gamle våningshuset er registrert i SEFRAK-registeret. Ikkje løa.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyyve frå andre mynde.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Jorunn Røssland Eide *Saksbehandlar byggesak*

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet

Matrikkelen

Tiltakshavar